

Møteinnkalling

Utvalg: **Breheimen nasjonalparkstyre**
Møtested: Billingen seterpensjonat i Skjåk.
Dato: 24.11.2021
Tidspunkt: 09.00

Eventuelt forfall må meldes snarest til fmopsmg@statsforvalteren.no. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 24/21	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 25/21	Mysubytta LVO- Utsatt frist for gjennomføring - Riving av plattig framfor seterhus - Rita Brekkum		2019/16363
ST 26/21	Bestillingsdialogen Breheimen 2022		2021/11729
ST 27/21	Delegerte vedtak		
DS 32/21	Delegert vedtak - Breheimen NP - Høyrokampen NAT - Dispensasjon - 2021 - Drone - Leting etter sau - Lom sambeitelag		2021/9605
DS 33/21	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport til hytte i Lundadalen - Stein Magne Lundemo		2021/10791
ST 28/21	Referatsaker		
RS	Rapport 2021 - Breheimen NP - midlertidig installasjon - prototypetest av flomvarslingstjeneste på vassdraget Skjøle i Lundadalen - Flomrespons - Pipelife Norge AS		2021/5826
ST 29/21	Eventuelt		

**ST 24/21 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til
å skrive under protokoll saman med styreleiar /**



Arkivsaksnummer: 2019/16363-4

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 16.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	25/21	24.11.2021

Mysubytta LVO- Utsett frist for gjennomføring - Riving av platting framfor seterhus - Rita Brekkum

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 24. november 2021 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Rita Brekkum utsett frist for riving av platting framfor seterhus i Mysubytta landskapsvernområde. Platting skal fjernast innan 20. juli 2022. Det blir elles vist til vurderinga nedanfor og vilkår i vedtak med krav om retting med saksnummer 2015/5516.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om utsett frist for gjennomføring av retting. Rita Brekkum. Datert 26. august 2019.
- Vedtak om retting av tiltak. Breheimen nasjonalparkstyre. Styremøte 6. desember 2018.
- Mysubytta landskapsvernområde - Dispensasjon - 2015 - Restaurering og tilbygg til seterhus på Brekkomsetra gnr. 246/1 - Rita Brekkum Saksnummer 2015/5516

Saksopplysningar

I søknad datert den 26. august 2019 søker Rita Brekkum om utsett frist for gjennomføring av retting/fjerning av platting framfor seterhus i Mysubytta landskapsvernområde. Brekkum

søkker om utsetting av fristen med bakgrunn i spørsmål om gjennomføringa som kom fram i synfaring den 23. september 2019.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Mysubytta landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Mysubytta landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi, opplevingsverdi, og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med vernet å:

- ta vare på verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne som utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på eit stort samanhengande naturområde med rikt dyre- og planteliv som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I § 69 i naturmangfaldlova om retting og avbøtande tiltak står det:

Myndigheten etter loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven.

Den som ved å overtre loven eller vedtak med hjemmel i loven forårsaker fare for forringelse av naturmangfoldet, skal sette i verk tiltak for å forhindre at slik forringelse skjer. Har forringelsen allerede inntrådt, gjelder plikten hindring av ytterligere forringelse og – om mulig – gjenoppretting av den tidligere tilstand for mangfoldet ved oppsamling, rydding, fjerning, planering eller andre egnede tiltak. Tiltak som i seg selv kan medføre miljøforringelse av noen betydning, skal bare iverksettes etter samtykke av myndigheten etter loven eller pålegg etter første ledd.

Plikten til forebygging, utbedring og gjenoppretting gjelder ikke i den utstrekning det i lys av kostnadene og virkningene av tiltakene, miljøvirkningene av overtredelsen og overtreders skyld og økonomiske stilling, ville være særlig urimelig.

Tiltak etter denne paragrafen kan gå ut på avliving av fremmede organismer som overtredelsen gjelder, eller tilbakeføring av levende organismer til opprinnelsesstedet.

Myndet til å pålegge retting er i brev frå Miljødirektoratet (datert 14.11.2016) delegert til nasjonalparkstyret som forvaltingstyremakt for verneområda.

Forvaltningsplan

I pkt. 3.5.2. i forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det under retningslinjer for forvaltning og bruk at:

- *Bygging av terrasse, veranda og platting er ikkje i samsvar med lokal, tradisjonell byggjeskikk og vil ikkje vere tillate.*

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

Den 4. september 2015 søkte Rita Brekkum om å få restaurere seterhuset som ho har på Mysubytta. Saka vart sendt Oppland fylkeskommune ved kulturavdelinga til uttale. Denne uttala var med å danna grunnlaget for sak til nasjonalparkstyret.

Nasjonalparkstyret behandla saka i møte 5. april 2016 og Rita Brekkum fekk løyve til å restaurere seterhuset på visse vilkår. Vedtaket frå nasjonalparkstyret den 5. april 2016 er slik:

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek, med heime i verneforskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3. bokstav a, å gje Rita Brekkum, Skjåkvegen 2951, 2693 NORDBERG, løyve til å restaurere og utvide seterhuset ho har i Mysubytta landskapsvernområde. Det er sett følgjande vilkår:

- *Huset skal fortsatt ha sitt opphavlege preg som seterhus.*
- *Huset kan utvidast med inntil 3 meter i møneretninga mot aust (mot Sota)utvendig mål.*
- *Tilbygget skal ha same breidde og høgd som eksisterande seterbygning.*
- *Den gamle taksteinen kan skiftast ut med ny takteking. Det nye taket må vera ei form for mørk og matt takteking. Alternativt torvtak eller tretak. Takutstikket må forlengast.*
- *Nye vindauge skal ha same dimensjonar som eksisterande vindauge i bygningen.*
- *Det blir ikkje gjeve løyve til bygging av terrasse, platting eller veranda. (forvaltar si understreking)*
- *Vindauge og evt. lemmar for vindauga bør ha same farge som bygningen.*

Statens naturoppsyn Breheimen gjorde kontrollmåling av restaurert seterhus den 14. oktober 2016. Der vart det bl.a. registrert at det var bygd ein platting med måla 6,90 meter x 2,90 meter. Som dekke på plattingen var det brukt belegningsstein i betong som er støypt fast til underlaget. Dette var ikkje i tråd med nasjonalparkstyret sitt vilkår i kulepunkt 6: *Det blir ikkje gjeve løyve til bygging av terrasse, platting eller veranda.*



Seterhuset med platting.

Breheimen nasjonalparkstyre behandla saka som gjeld avviket med plattingen i styremøte den 6. desember 2018. Bakgrunnen for vedtaket er bl.a. at i forvaltingsplan for Breheimen, punkt 3.5.2, er det ikkje opna for å etablere terrasse, veranda eller platting i verneområdet. Nasjonalparkstyret gjorde følgande vedtak (saksnr. 2015/5516):

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å pålegge Rita Brekkum, eigar av Brekkumssetra i Mysubytta landskapsvernområde, retting av platting ved seterhuset. Pålegget er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 69. Vilkår:

- *Belegningsstein og mur må fjernast og terrenget under først attende til det nivå som var før tiltaket vart gjennomført. Det kan leggest lause heller i naturstein på arealet som kan planerast utan muring.*
- *Frist for gjennomføring av rettinga er 1. oktober 2019.*
- *Rettinga skal godkjennast av nasjonalparkforvaltaren etter retting.*

Nasjonalparkforvaltar gjennomførte ei synfaring med tiltakshavar på Mysubytta den 23. august 2019. Det kom da opp spørsmål om korleis rettinga skulle gjennomførast og kva som eventuelt kunne stå att etter muren. Den 26. september 2019 gjennomførte delar av nasjonalparkstyret ei synfaring i Mørkridsdalen landskapsvernområde og da tok nasjonalparkforvaltar opp søknaden om utsetjing av frist for retting med styret. Det vart også vist til bilete av tiltaket og moglege løysingar på korleis plattingen skulle rettast. Det vart gjeve aksept for utsetjing av fristen for retting og nasjonalparkforvaltar fekk anledning til å skissere korleis dette skulle sjå ut etter at rettinga var gjort. Etter dette vart det prøvd å få til ei synfaring i 2020, men i 2021 vart det gjennomført ei ny synfaring for å sjå på korleis rettinga skulle løysast.

For framdrifta i saka er det nødvendig at nasjonalparkstyret sett ein endeleg dato for når rettinga skal vera gjennomført. Dette burde vore gjort i eit skriftleg vedtak tidlegare, noko nasjonalparkforvaltar tek sjølvkritikk for at ikkje vart gjort. Nasjonalparkforvaltar meiner at tiltaket må rettast i samsvar med vedtaket som vart gjort av nasjonalparkstyret den 6. desember 2018, og at ein ny tidsfrist fram til 20. juli 2022 er rimeleg for å få gjennomført



Arkivsaksnummer: 2021/11729-1

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 15.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	26/21	24.11.2021

Bestillingsdialogen Breheimen 2022

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidlar for 2022 via Miljødirektoratets elektronisk søknadssenter (ESS) i tråd med tiltaksplanen i saka. Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i bestillingsmøte 2 i februar/mars 2022, etter tildeling av midlar frå Miljødirektoratet.

Sekretariatet får fullmakt til å gjera mindre endringar på tiltaksplanen dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen. Sekretariatet orienterar styreleiar om eventuelle endringar i tiltaksplanen fram mot innmeldingsfristen.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

NB! Miljødirektoratet brukar vanlegvis å sende ut brev kvart år angåande «*Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer - Innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av tjenester fra SNO*». I år er dette brevet forseinka og vi legg derfor til grunn dei rammene som vart formidla frå Miljødirektoratet til sesongen 2021. Når brevet kjem frå Miljødirektoratet vil vi sjå om det er vesentlege endringar i teksta og ta dette opp med styret seinare.

- Brev av 3.11.20 frå Miljødirektoratet - Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer - Innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av tjenester fra SNO – 2021.
 - Strategi for bruk av midler til tiltak 2020-2025
 - Skjema for innspill om ønsket SNO-ressurs (Ikkje klart, blir ettersendt).

Saksopplysninger

Tiltaksplanen skal evaluerast kvart år og dette framlegget til tiltaksplan er forankra i Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen, Skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde, Skjøtselsplan for Vigdalen landskapsvernområde, Skjøtselsplan for Mysubytta landskapsvernområde og Skjøtselsplan for Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Framlegget til tiltaksplan 2022 er m.a. basert på erfaringar forvaltinga har med gjennomførde tiltak 2021, og dette er ei liste over tiltak som nasjonalparkstyret ynskjer skal bli utført i 2022. Under saksførebuinga har det vore god dialog mellom forvaltarane og lokalt SNO i Breheimen, med bl.a. møte på Teams den 15. november, og elles jamleg kontakt knytt til gjennomføring og planlegging av tiltak (sjå vedlegg 1).

Gjennom tiltaksplanen melder nasjonalparkstyret inn behov for midlar til gjennomføring av tiltak i verneområda i 2022 til Miljødirektoratet. Frist for innmelding i elektronisk søknadssenter er 10. januar 2022. Midlar til tiltak i verneområda er statlege investeringsmidlar som vert løyvd over post 1420.31 for å betre naturtilstanden i verneområda. I brevet frå Miljødirektoratet står det bl.a.:

Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenge i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparkar og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparkar og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.

For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere. Et eksempel på et slikt tiltak er når uttak av fremmede arter innenfor og utenfor vernegrensene må sees i sammenheng for at tiltaket skal få optimal effekt.

For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøtselsplaner, overvåking og utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men over andre budsjettposter.

Bestilling av tenester frå Statens naturoppsyn Breheimen blir lagt inn i eige skjema Denne bestillinga gjeld både kontroll, overvaking/registrering og utføring av skjøtsel og tilrettelegging (ikkje klart enda, blir ettersendt).

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark med tilhøyrande verneområde til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Vurdering

Skjøtsel

Miljødirektoratet har gjeve føringar for prioritering av tiltak i 2021. I Strategi for bruk av tiltaksmidlar er det presisert at det overordna målet for forvaltning av verneområda er at verneføremålet og verneverdiane i det einskilde verneområde skal ivaretakast. I Mysubytta-, Høydalen-, Vigdalen- og Mørkridsdalen landskapsvernområde er, og har mangel på skjøtsel av kulturlandskapet vore ein av dei største truslane mot verneverdiane. I Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernområde har det sidan 2011 og etterfylgjande år vore gjennomført ulike skjøtselstiltak. Det er svært viktig at skjøtsel av desse områda held fram, og oppfølging av desse områda gjennom skjøtelsplan har høg prioritet. For Mysubytta- og Mørkridsdalen landskapsvernområde vart det utarbeidd skjøtelsplanar i 2016/2017, og skjøtelsplanane for Vigdalen- og Høydalen landskapsvernområde vart godkjent i 2021. I alle desse områda vil det vera behov for årleg skjøtsel for å ta vare på verneverdiane og verneføremåla. I følgje Strategi for bruk av tiltaksmidlar gjeld følgjande prioriteringar for skjøtelsprosjekt:

Prioritet 1: Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene.

Prioritet 2: Løpende skjøtselstiltak

Tiltaka i landskapsvernområda er oppfølging av dei ulike skjøtelsplanane. I Mørkridsdalen er det fleire pågåande skjøtselstiltak som krev årleg oppfølging, til dømes slått av lauvenger og slåtte-mark, og styrte beiteprosjekt. Resultata av desse tiltaka viste også att ved utarbeidinga av skjøtelsplanen har mange område fått auka verdivurdering i forhold til då vernet kom i 2009. Det blir også gjennomført styrt beiteprosjekt i Vigdalen LVO. Sidan mykje av verneverdiane i landskapsvernområda er knytt opp mot det å ha tilgang på beitedyr i landskapsvernområda, er det viktig at buforvegar blir helde i hevd. Difor er noko midlar knytt opp mot mindre utbetringar av desse.

Stølsområda og kulturlandskapet er viktige verneverdiar. Desse ønskjer vi å ta vare på og framheve gjennom samarbeid med grunneigarar og brukarar. Gjennom slike samarbeid blir det rydda skog og problemvekstar. Siste åra har det vore rydda gran i Vigdalen og i 2021 vart det gjort ein god del rydding etter denne hogsten. Det er viktig å følgje opp slik hogst med rydding og beite slik at ikkje uønska vekstar som bringebær tek over areala på

stølsvollen. Noko av det mest særigne for Mørkridsdalen er den omfattande haustingsskogen. Dette er viktig både biologisk og kulturhistorisk. Det er i skjøtelsplanen skissert mange tiltak for å ta vare på og skjøtte haustingsskogen. Til dette er det viktig å nytte profesjonelle folk.

Høydalen er ein del av det nasjonalt viktige kulturlandskapet i Bøverdalen. Det er ein gamal seterdal der det ikkje lenger drivast aktiv setring, men det sleppast omlag 60 kyr og 100 sauer på utmarksbeite. Desse går spreidd i Høydalen, gjerne med flest dyr i Søre og Nordre Høydalen. Dette gjer at det framleis er opne naturbeitemarker i desse setergrendene, men attgroing med einer, vier og bjørk er eit problem i heile dalen. I alt vart det skild ut 4 viktige og lokalt viktige naturbeitemarker i dalen, og innan desse er det anbefalt fleire skjøtselstiltak for å ta vare på naturverdiane. I 2021 vart det starta opp med rydding av areal både på nordre- og søre Høydalen. Dette må fortsetje i åra framover også. I tillegg vart det på nordre Høydalen inngjerda eit areal på 8 daa som er klargjort for slepp av beitedyr i 2022. Godt samarbeid med grunneigar og seterbrukarar er heilt avgjerande for at ein kan lykkast med dette arbeidet.

Setergrenda Mysubytta er lokalisert i Skjåk kommune på om lag 860 meters høgde. Mysubytta er eit karakteristisk og representativt seterlandskap for nordlege delar av Gudbrandsdalen. Beitestrykket her er for lågt til at seterkveene, beitevollane og naturbeitemarkane kan oppretthaldast på lang sikt. Beiteområda oppover lia og i rasmarkane gror svært raskt att. Det er allereie gjort nokre tiltak for å rydde lauvoppslag omkring setrane, og ein del naturbeitemark er rydda for einer. Målsetjinga med restaurerings- og skjøtselstiltaka er å ta vare på eit heilskapleg seterlandskap med dei biologiske og kulturhistoriske verdiane som er karakteristiske for området. Meir spesifikt framover er målsetjinga å oppretthalde og helst auke beitebruken i tillegg til å fjerne einer og lauvtre.

Sjå vedlagt tiltaksplan for detaljert oversikt over dei enkelte tiltaka i landskapsvernområda.

Opprusting/vedlikehald av buforvegen Mørkridsdalen

I kjølvatnet etter flaumen hausten 2018 vart fleire planlagte opprustingar av buforvegen i Mørkridsdalen sett på vent. Sidan vernet i 2009 har det blitt fleire beitedyr, det er mange bønder som nyttar områda og mange av dei kulturstyrte naturtypelokalitetane har fått auka verdi. Nå er det både sau, storfe og hest som beitar i verneområdet. Å få hest og storfe på beite inn den lange dalen krev at buforvegen blir vedlikehalden. Ved synfaring saman med grunneigarlaget og beitelaget vart det peika fleire punkt og kortare strekningar der det trengst utbetringar for å sikre føreseieleg og trygg buforing. To stader (Stortjødni og Svinetjødni) er det problem at vatnet fløymer over vegen ved mykje nedbør og/eller rask snøsmelting i fjellet. To andre stader (Råsamyr og Dulsetesvåi) er det bratt, glatt og laust, og særskilt vanskeleg for storfe å komme forbi. Eitt punkt på Haugsvegen er utfordringa at holveita ikkje klarar å ta vekk nok vatn ved stor vassføring, og at vatnet byrjar å øydelegge i vegen i staden. I alle nemnde tilfeller er det tenkt brukt stein for utbetring.

Besøksstrategi og implementering av merkevara Norges nasjonalparker

Alle nasjonalparker skal ha ferdig ein besøksstrategi innan 2020, men langt frå alle nasjonalparkane er ferdige med dette arbeidet. Arbeidet i Breheimen starta opp med ei besøksundersøking i innfallsportane kring Breheimen sommaren 2016 og ei

etterundersøking vinteren/våren 2016/2017. Resultata frå undersøkingane var lagt fram for nasjonalparkstyret våren 2017. Vidare er det prioritert kunnskapsinnhenting av natur- og kulturverdiar sommaren 2017 og 2018. I 2020 og 2021 har det nye sekretariatet arbeid vidare med besøksstrategien og nasjonalparkstyret godkjente besøksstrategien i styremøte i september 2021. Besøksstrategien er nå til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet. Det er gjeve signal om at besøksstrategien vil bli godkjent innan tildelinga av tiltaksmidlar blir gjort. Nasjonalparkstyret kan derfor melde inn behov for midlar til å utarbeide nye informasjonsplakatar, temaplakatar, informasjonspunkt osv. Alle informasjonstiltak som vert sett i verk skal vere i tråd med merkevara Norges nasjonalparker. Det er lagt inn midlar til denne type tiltak i tiltaksplanen for 2022. Miljødirektoratet startar arbeidet med å utarbeide nytt kart og brosjyre for Breheimen NP så snart besøksstrategien er fagleg godkjent.

I samband med merkevara «Norges nasjonalparker» vil nasjonalparkstyret få ansvar for to nettsider, ei som er retta mot dei besøkande (www.breheimennasjonalpark.no) og ei som støttar offentleglova (<http://nasjonalparkstyre.no/Breheimen/>). Det er kjøpt inn ulike domenenavn til den besøksretta nettsida. Det er også gjort eit val av leverandør av den tekniske utforminga og det er gjennomført eit «oppstartmøte». Arbeidet med den besøksretta nettsida vil starte opp rett før jul eller i byrjinga av januar 2022. Den besøksretta nettsida vil krevje ein del av sekretariatet sin arbeidstid gjennom å lage innhald, omsetje tekstar og skaffe bilete. Det er streng bruk av bilete i den nye merkevara, og det kan vere naudsynt å kjøpe nye bilete.

Status etter flaumen i 2018

Sekretariatet og SNO vil gjere greie for status etter flaumen på styremøtet.

Ferdselsteljarar

Behov for elektroniske ferdselsteljarar skal meldast inn i ESS. Ferdselferdregistreringar er eit viktig verkemiddel både for å kartlegge bruken og for å sjå på utviklinga over tid. Dette for å kunne vurdere aktuelle tiltak for å styre ferdsel og for å ta vare på sårbare område. Breheimen har tidlegare disponert til saman fire ferdselsteljarar, men i 2021 har ein berre brukt to ferdselsteljarar fordi dei to andre er tekne ut på grunn av tekniske problem.

I 2021 har det stått teljar i Mysabyttalen og Grasøy i Mørkridsdalen. I Mysabyttalen var det registrert 602 passeringar ut og inn mellom 4. juni og 6. oktober. Ved Grasøy er det registrert 12500 passeringar ut og inn mellom 10. mai og 18. oktober (usikkerheit om talet semmer heilt).

For sesongen 2022 er det ønskeleg å få sett opp 1-2 teljarar på stigane frå Lom sentrum og opp på Lomseggen. Det er truleg stor ferdsel på denne ruta men det har ikkje vore ferdselsteljingar tidlegare. Det er i tillegg ønskeleg å få ferdselsteljing på stigen mellom Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark og Skridulaupbu/Raudalen i Breheimen nasjonalpark. Merking av ruta i 2015 var eit ledd i marknadsføring av «historiske vandreruter» frå DNT. Løyve til merking vart gjort med føresetnad om oppfølging av kva påverking dette hadde på verneverdiane og villreinens arealbruk. Det er her gjort avtale med sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalpark at dei melder inn behov for ein teljar i Sunndalen. Det er også ønskeleg å få gjort nye teljingar i Dumdalen komande sesong. Det blir derfor

meldt inn behov om å få disponere to ekstra (totalt 4) ferdselsteljarar i 2022 til Miljødirektoratet.

Med bakgrunn i forvaltingsplan, skjøtselsplanar for verneområda og tidlegare tiltaksplanar, og føringar i strategi for bruk av tiltaksmidlar, legg sekretariatet fram innspel til tiltaksplan og behov for tiltaksmidlar for 2022, samt tinging av SNO-personell i 2022 slik det kjem fram av vedlegga.

Til forvaltningsmyndighetene for verneområder

Trondheim, 03.11.2020

Deres ref.:
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2020/14604

Saksbehandler:
Vibeke Husby

Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av tjenester fra SNO - 2021

Elektronisk søknadssenter (ESS) skal benyttes for innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder. Frist for innmelding er 10. januar 2021. Innmeldingen skal bygge på bestillingsmøter mellom Fylkesmannen/verneområdestyrer og SNO lokalt, og prioritering av oppsynsinnsats fra SNO skal inngå i møtene. Kommuner med delegert forvaltningsmyndighet skal inviteres til bestillingsmøtene hos Fylkesmannen.

1. Post 1420.31 – Midler til tiltak i verneområder

Forutsetninger for og prioritering av tiltak

Det overordnede målet for bruken av tiltaksmidlene er at naturtilstanden i verneområdene opprettholdes og bedres. For å kunne nå dette målet, er det viktig at tiltak som bedrer tilstanden til verneverdiene prioriteres høyt. Ved tildeling av midler følges derfor bestemte prioriteringer, og *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder* skal følges, se vedlegg 1.

Alle innmeldte tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings- eller skjøtselsplan, besøksstrategi eller andre relevante styringsdokumenter. For 2021 ønsker vi å koble tiltaksplaner i FPNV (Forvaltningsplan på nett) til søknadskjema i ESS. FPNV-tiltaksplaner skal kunne åpnes i ESS, og FPNV-tiltak velges direkte inn i søknadsskjemaet. FPNV-tiltak og tiltak som er lagt inn på tradisjonelt vis, skal kostnadsberegnes og prioriteres på samme måte som før.

Midler til kartlegginger og andre nødvendige utredninger som er knyttet til tiltak, kan tildeles over tiltaksposten.

Fylkesmannen har ansvar for å kontakte kommuner med forvaltningsmyndighet for mindre verneområder for å registrere behov for tiltaksmidler. Innmeldte behov skal samordnes og prioriteres av fylkesmannen i dialog med kommunene og inngå i den samlede prioriterte bestillingen.

Pågående skjøtselstiltak

For Fylkesmannen kan det omsøkes en ramme på inntil kr. 150 000 per fylke for pågående skjøtselstiltak. Der fylker er slått sammen, vil rammen kunne økes tilsvarende. Dersom behovet skulle overstige tildelt ramme, må overskytende tiltak spesifiseres som egne tiltak i ESS. Tiltak som SNO skal være økonomisk ansvarlig for, meldes uansett inn som enkelttiltak i ESS.

Fremmede arter

For bekjempelse av mink, rynkerose og stillehavsøsters er det utarbeidet handlingsplaner (DN-rapport 5-2011, DN-rapport 2013-1 og Rapport M-588, 2016). Prioriteringer gitt i handlingsplanene skal følges ved innmelding av behov for midler til slike tiltak, og metodene som er gjengitt i planene skal benyttes.

Ved minkbekjempelse kan fellingsinstruksen kun tas i bruk av tjenesteytere som er kontraktert av SNO.

Miljødirektoratet satte i 2019 i gang et pilotprosjekt for å styrke arbeidet med hogst av fremmede treslag i verneområder. Vi ber om at forvaltningsmyndighet prioriterer å forberede og gjennomføre hogsttiltak knyttet til denne piloten også i 2021.

Informasjonstiltak

Alle informasjonstiltak som iverksettes skal være i henhold til merkevaren Norges nasjonalparker og være forankret i en besøksstrategi. For verneområder forvaltet av verneområdestyrer og for verneområder med status som Ramsarområde, skal besøksstrategier sendes til Miljødirektoratet for faglig godkjenning. Alle henvendelser knyttet til merkevare rettes til merkevare@miljodir.no.

Områder som har, eller tåler mye besøk, områder som har særlig sårbare naturverdier (kanalisering), samt bynære områder skal prioriteres ved utarbeidelse av besøksstrategier.

Informasjonstiltak i prioriterte områder meldes inn via ESS. Fylkesmennene må også samordne og gjøre en prioritering av forslag om informasjonstiltak fra kommuner med delegert forvaltningsmyndighet.

For fylkesmenn vil det for 2021 bli avsatt en ramme på kr. 200 000 per fylke til informasjonstiltak og diverse driftsmidler. Der fylker er slått sammen, vil rammen kunne økes tilsvarende. Dersom fylkesmannens behov skulle overstige tildelt ramme, må overskytende tiltak spesifiseres som egne tiltak i ESS. Info-tiltak som SNO skal være økonomisk ansvarlig for, meldes uansett inn som enkelttiltak i ESS.

Verneskilt og skiltstenger

Totalt behov for antall verneskilt, underskilt og skiltstenger meldes inn sammen med de andre tiltakene i ESS. Det skal benyttes en egen linje for skilt og en annen for stenger, og respektive antall og type skilt/stenger oppgis i merknadsfeltet.

Verneschild og underschild bestilles fra Grafika AS via deres hjemmesider:

<https://www.grafika.no/verneschild>. Retningslinjene for bruk av verneschild er justert, og det er utviklet et opplegg for å ta i bruk underschild med spesiell lokal tilpasning. Disse retningslinjene er inntil videre publisert på Grafika sine nettsider.

Skiltstenger til verneschildene bestilles fra Reklameservice AS via deres bestillingstjeneste:

<https://miljodir.reklameservice.no/>. Bestillingstjenesten krever innlogging, passordet er *miljodirektoratet*. Se eget notat om festeordninger for verneschild (vedlegg 2).

2. Innmeldinger av diverse andre behov

Driftsmidler til verneområdestyrer

For 2021 skal verneområdestyrerne melde inn ønske om driftsmidler over post 1420.21 i ESS.

Nærmere om hva det kan søkes om finnes i veiledningen til søknadsskjemaet i ESS under "Bestillingsdialog", "Behovsinnmelding fylkesmannen".

Forvaltningsplaner og bevaringsmål

Alle nye forvaltningsplaner, samt planer som er i oppstartsfasen, skal utarbeides i det nettbaserte FPNV-systemet. Tidligere ba vi fylkesmennene melde inn behov for midler til forvaltningsplaner via ESS over 31-posten. Behov for midler til forvaltningsplaner skal nå meldes inn i ESS, i tråd med ny rutine for innmelding; altså en egen inngang for innmelding av behov for midler over post 1420.21.

Det legges stor vekt på effektmåling av tiltak. I 2021 skal forvaltningsmyndigheten (i samråd med SNO) etablere bevaringsmål i NatStat for minst tre tiltak der målsetningen er å bedre/opprettholde naturtilstanden, jf også foreløpig tildelingsbrev for Fylkesmannen.

Bevaringsmål legges inn i Fagsystem for verneområdeforvaltning (NatStat). Alle bevaringsmål i NatStat skal overvåkes i samsvar med oppsatt overvåkningsfrekvens. Før nye bevaringsmål legges inn i NatStat, må rutiner for overvåking avtales med SNO, eventuelt med andre aktører. All overvåking av bevaringsmål skjer ved hjelp av NatReg.

Ferdselstellere

Behov for Miljødirektoratets elektroniske ferdselstellere meldes inn i ESS. Det skal både meldes inn behov for å kunne beholde tellere som allerede er i bruk og behov for nye tellere. Behovet må begrunnes da det erfaringsvis er stor etterspørsel etter tellere. Behov for personalressurser i felt fra SNO for oppsetting og drift, meldes inn i SNOs bestillingsskjema. SNO eller en av SNOs tjenesteytere (etter avtale med SNO) skal bistå ved utsetting og innrapportering av koordinater, stedsnavn og innlegging i basen.

Marint søppel

Det er flere av forvaltningsmyndighetene som melder inn behov for opprydding av søppel. Miljødirektoratet har en egen tilskuddspost (post 71) som omhandler marin forurensning. Fylkesmennene vil her kunne oppfordre frivillige og ideelle organisasjoner og stiftelser, private bedrifter, selvstendige kommunale og interkommunale selskaper og samarbeidsorganer (som

friluftsråd) til å søke (se egen post i ESS) for å få til et samarbeid om rydding innenfor de kystnære verneområdene. Minstesummen det kan søkes om over denne ordningen er kr. 300.000. Behov for midler til mindre tiltak knyttet til rydding av marint søppel i verneområder kan meldes inn i ESS over post 31.

3. Innspill til prioriteringer og bestilling av personalressurser fra SNO-personell

